



ÅRSMØTE I SA NAUSTDAL BÅTLAG 2022

Torsdag 24. mars 2022 kl. 19.00 på Kyrkjelydshuset i Naustdal

Sakliste

1. Godkjenne medlemmar med tale- og røyserett

Det er møtt fram 23 personar på årsmøte.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner 23 personar med tale- og stemmerett.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner innkallinga og sakliste til årsmøte.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

3. Val av ordstyrar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Daniel Stave til ordstyrar.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

4. Val av skrivar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Arnt Ole Ramsdal til skrivar.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

5. Val av to personar til å underskrive møteboka

Årsmøte valde:

1.: Trond Buanes

2.: Knut Elvebakk

6. Årsmelding

Styret viser til vedlagt årsmelding for 2021.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte tek årsmeldinga for 2021 til vitande.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

7. Rekneskap

Styret viser til revidert rekneskap for 2021. Rekneskapet viser eit overskot på kr. 61.656 etter avskrivningar. Eigenkapitalen pr. 31.12.2021 er kr. 1.359.181. Samla likvide midlar i båtlaget er kr 840.167. Revisjonsmelding vart opplese i møtet.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner rekneskapen for 2021.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

8. Fastsetje medlemskontingenten

Styret tilrår at medlemskontingenten vert uendra på kr 350,- for 2022.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset medlemskontingenten for 2022 til kr. 350,-

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

9. Fastsetje årleg avgift for 4m, 6m og 8m båt plass

Styret tilrår at årleg avgift vert uendra for 2022.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset årsavgifta for 2022 til:

4m båt plass kr. 1650,-

6m båt plass kr. 1750,-

8m båt plass kr. 1850,-

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

10. Fastsetje eingongsinnkot for 4m, 6m og 8m båt plass

Konsumprisindeksen i 2021 har ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB) auka med 3,5%. Årsmøtet har kvart år justert eingongsinnkotet for båt plassane etter konsumprisindeksen til SSB.

Styret sitt framlegg:

Årsmøtet justerer eingongsinnkotet for 4m, 6m og 8m båt plass etter konsumprisindeksen til SSB på 3,5%. Endringa gjeld frå og med 01. april 2022 til årsmøte i mars 2023.

Etter dette vert eingongsinnkot på båt plassane slik:

4 m plass innkot kr. 28.824, justert innkot etter konsumprisindeks til kr. **29.833**

6 m plass innkot kr. 35.592, justert innkot etter konsumprisindeks til kr. **36.838**

8 m plass innkot kr. 43.511, justert innkot etter konsumprisindeks til kr. **45.034**

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

11. Fastsetje timegodtgjersle for dugnad

Styret tilrår at timegodtgjersla for dugnad vert uendra for 2022.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset timegodtgjersle for dugnad i 2022 til kr. 100,-

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

12. Forlenging av bryggja i vest

Flytebrygga i vestre hamn består av 17 bryggjer à 6m, på til saman 102 meter. På den sida av flytebrygga som vender mot vegen manglar det ved dagens situasjon om lag ein halv meter for at alle skal få den breidda som dei har krav på.

Det er no også ein del lause pontongar på nokre av bryggjene.

I investering- og vedlikehaldsplan 2021-2031 er det planlagd utskifting av 2 bryggjer i 2023 og 2 bryggjer i 2024. Styret sitt framlegg er å forsere denne planen å skifte 4 brygger i 2022, der 2 av bryggjene vert erstatta med 7meters bryggjer. Då vert bryggja totalt forlenga med 2 meter, og det vil verte plass for naudsynte justeringar. Ein sparar også ein del fraktkostnadar og arbeidstid ved å skifte 4 bryggjer i eitt. Styret ønskjer også å bytte landgagen i vest i same operasjonen. Totalkostnad for 4 brygger og landgang er om lag kr 200.000.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til utskifting og forlenging av bryggja i vest.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

13. **Investerings- og vedlikehaldsplan for Naustdal Båtlag for perioden 2022-2032**

Til årsmøte i 2014 utarbeida styret ein investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2014-2017. Planen skal rullerast kvart år og styret skal legge fram ein oppdatert plan til årsmøtet. Vedlagt følgjer revidert investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2022-2032.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek revidert investerings-, og vedlikehaldsplan for 2022-2032.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

14. **Budsjett 2022**

Styret viser til vedlagt driftsbudsjett for 2022.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til driftsbudsjett for 2022.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

15. **Leige av tilleggsbreidde på båt plass**

Det er på bryggjene i aust og vest ein del «ledig» lengde som ikkje inngår i dei båt plassane som er der. Totalt i heile hamna (inklusive forlenginga i sak 14) er det snakk om ca 10 meter «ledig» lengde. Styret har forslag om at denne «ledige» lengda kan leigast av plasseigarane for ein pris per cm tilsvarende 0,5% av årleg avgift + ei justeringsavgift for kvar justering. Denne fastsetjast av årsmøtet, og vil finnast i prislista til båt laget. Styret har forslag om at denne avgifta skal vere på kr 1.500. Styret administrerer ordninga.

Eksempel:

8-meter plass har årleg avgift på kr 1.850. $\rightarrow 1850 \times 0,5\% = 9,25$ kr/cm.

Skal det då leigast 30cm ekstra breidde, vert det $9,25 \text{ kr} \times 30 \text{ cm} = 277,50$ kr i årleg leige + justeringsavgifta på kr 1.500.

Forslaget medfører at § 19 i Lov for SA Naustdal båtlag og punkt 8 i Hamnereglane må endrast.

Forslag til tillegg i §19 i Lov for SA Naustdal Båtlag:

c) Dersom det er ledig plass på brygga som ikkje er utleigd, kan ekstra breidde på båt plassen leigast for ein årleg sum som tilsvarende 0,5% av årleg avgift for respektiv plass per cm. Det kan krevast ei avgift for kvar justering. Styret administrerer ordninga. Styret kan fastsetje faste tidspunkt for justeringar. (I raudt: lagt til på årsmøtet)

Forslag til endring i punkt 8 i Hamnereglane: (Endring i gult)

8. BÅTPLASSAR

Båtplassar som er tildelt av styret vert anvist av hamnesjefen. Alle båtar må leggjast på tildelt plass. Standardbreidde på båtplassane i båthamna, målt i lys-opning, mellom kvar bryggjeplass skal vere:

- 2.19 meter for ein 4 meter plass
- 2.69 meter for ein 6 meter plass
- 3.10 meter for ein 8 meter plass

Det er høve til å leige ekstra breidde ref §19 i Lov for SA Naustdal Båtlag.

Maks lengde for båtar i flytebyggene er 10.5 m (34.5 fot)

Det er ikkje høve til å byggje anretningar på eller kring båtplassen, ekstra treverk på uteliggjar eller liknande.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til endring av Lov for SA Naustdal Båtlag og Hamnereglane for å tillate leige av ekstra breidde på båtplass.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

16. Val

Innstilling til nytt styre for årsmøtet i Naustdal båtlag 2022

Styret for 2021:

Styret:

Daniel Stave, leiar	1 år
Roy Arne Flo, nestleiar	2 år
Arnt Ole Ramsdal, skrivar	2 år
Helge Stølsvik, styremedlem	Ikkje på val
Jan Dahlberg, kasserar	Ikkje på val

Innstilling til nytt styre 2022:

Daniel Stave, leiar	1 år.
Roy Arne Flo, nestleiar	Ikkje på val
Arnt Ole Ramsdal, skrivar	Ikkje på val
Helge Stølsvik, styremedlem	2 år
Jan Dahlberg, kasserar	2 år

Revisorar:

Bjørn Olav Erdal	2 år
Egil Gulholm	1 år


Bjørn Olav Erdal	Ikkje på val
Egil Gulholm	2 år


Valnemnd:

Kjartan Krognnes	2 år
Harald Myklebust	Ikkje på val

Kjartan Krognnes	Ikkje på val
Harald Myklebust	2 år

Vedtak: Valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.


Trond Buanes


Knut Elvebakk